



**SIM**

Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

# SIM nytt

2/2007

Oktober • Årgang 14



## Rett frå dunken

### SIM på biodiesel

Frå og med oktober månad vil dei fleste av SIM sine borbilar køyra på biodiesel laga av raps.



- Me sparar ikkje pengar på dette, men reknar med ein betydeleg miljøvinst, opplyser logistikksjef Oddgeir Selle i SIM Transport AS.

SIM sine borbilar tilfredsstiller i utgangspunktet dei strengaste krav til CO<sub>2</sub>-utslepp. Biodieselen vil redusera utsleppa ytterlegare.

I første omgang er det bilane i Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes og Sveio kommunar som skal køyra på biodiesel.



*- Slurvar du med å sikra lasta på tilhengjaren, kan det i verste fall verta politisak av det, seier avdelingsleiar Gunnar Thormodsæter på Stord trafikkstasjon.*

## - Bilføraren har ansvaret

**- Lov om bruk av køyretøy er klinkande klar:  
Det er føraren av bilen som har ansvar for at lasta på tilhengjaren er forsvarleg sikra. Slurv kan medføra strafferettslege reaksjonar.**

Det er avdelingsleiar Gunnar Thormodsæter på Stord trafikkstasjon som seier dette. Alt for ofte ser han at folk ikkje sikrar lasta godt nok.

Også SIM merkar dette. Ein del av dei som kjem til miljøsentralen har teke for lett på oppgåva. Dermed

hender det at avfall fell av tilhengjaren og vert liggjande att langs vegen, til fare og irritasjon for andre vegfarande.

- Lasta skal på *innsida* av sidekarmane og vera festa slik at den ikkje forskyy seg eller fell av. Ting kan stikka ut både framme og bak på tilhengjaren, men på ein slik måte at skilt, bremselys og blinklys alltid er synlege. Last som støvar, eller som det er stort vindfang i, skal dekkast med nett eller presenning, seier avdelingsleiar Gunnar Thormodsæter.

## Heimekompostering krev avtale

Før du kan byrja å kompostera heime, må du ha gjort avtale om dette med kommunen. Avtalen får du etter å ha gjennomgått eit kort brevkurs i heimekompostering. Kurset får du hjá SIM.

## Dunkbyte kan ta seks veker

Det kan ta opptil seks veker før du får ny bosdunk etter at du har meldt frå om at den gamle er øydelagd. Dei som ikkje vil venta, kan sjølv henta dunken sin på miljøsentralen. Ring på førehand.

## Tilskot til tøybleier

SIM støttar foreldre som vel å kjøpa tøybleier i staden for papirbleier til ungane sine. Tilskotet er kr 600 per barn, og vert utbetalt mot framvising av kvittering for kjøpte bleier.

## Dunken ut til kl. 6.00

SIM minner om at bosdunken må vera på plass på hentestaden kl. 6.00 på tømmedagen. Det hender at bosrutene vert lagde om, og difor er ein kun på den sikre sida om dunken er ute til kl. 6.00.

## 2-talet må vera godt synleg



Dei som har 2-tal på restavfallsdunken må sørja for at talet er godt synleg. Det er 2-talet

sjåførane ser etter når dei skal avgjera om ein dunk skal tømmast eller ikkje. Abonnementar som har nedslite 2-tal kan få nytt ved å kontakta SIM.

# Gir blaffen i sorteringa

**To glasflasker. Ein sko. Eit par dongeribukser. Fire sjampoflasker. Alt funne på SIM sitt komposteringsanlegg i Svartasmøget, i ein liten dunge der det kun skulle ha vore matavfall.**

- Nokre få gir diverse blaffen. Dei bryr seg ikkje om å sortera rett, og dermed får me problem i prosessen med å omgjera matavfall til mold, seier operatør på anlegget, Einar Breivik.

Eit par av SIM sine kundar opplevde i sommar å få glasbitar i kompostjorda dei hadde kjøpt. SIM beklagar dette.

- Årsaka var den same. Ein eller annan hadde kasta knust glas i biodunken. Dermed fekk me det inn på komposteringsanlegget, seier Breivik.

SIM har maskinar som fjerner framandelement frå kompostjorda, og kontrollerer også produktet visuelt. Men denne gongen slapp altså litt glas igjennom.

## Må sortera betre

Poenget er at enkelte må ta sorteringa meir på alvor.

- I biodunken skal det *kun* matavfall, ikkje emballasje av noko slag. Feilsortering reduserer gjenvinningsverdien og aukar kostnadene. Det er fellesskapet som må betala, seier Breivik og



- *Her har einkvan gjeve blaffen. Flasker, bukser og sko høyrer ikke heime i matavfallet, seier operatør Einar Breivik på SIM sitt komposteringsanlegg.*

legg til at folk trygt kan kjøpa SIM si kompostjord.

- Produktet er framifrå. Rett nok kan det sjå trasig ut med små framandelement i molda med det

same ho er planert ut, men slike forsvinn ned i jorda så snart graset tek til å gro, seier operatør Einar Breivik.

# Tre om SIM og renovasjon

1. Korleis er du nøgd med SIM og selskapet sine renovasjonsordningar?
2. Korleis kan SIM gjera ein betre jobb for deg?
3. Har du brukt miljøsentralen det siste året?



**Harald Rydland (45), Fitjar**

1. Eg er godt nøgd med SIM og renovasjonsordningane. Eg komposterer heime, og slepp dermed å betala gebyr for biodunken.
2. Det skulle vore ei henteordning for mjukplast, for det er kolossalt mykje plast i restavfallet. Vidare burde det vore gratis å levera avfall på miljøsentralane. Kostnadane kunne heller vore lagt inn i renovasjonsgebyret fullt og heilt.
3. Ja, eg fyller opp tilhengjaren og leverer i Svartasmogot to gonger for året.



**Berit Støle Hodne (60), Bømlo**

1. Synst me har gode renovasjonsordningar i min kommune. Flott at me har høve til å sortera boset, slik at det som kan brukast om att kjem til nytte.
2. Restavfallsdunken min er alltid full. Det skuldast all plasten. Lat oss få plastsortering.
3. Ja. I sommar var eg på miljøsentralen i Hollundsdalen med hageavfall og ein del større ting som eg ikkje kunne kasta i dunkane.



**Ann Britt Ervik (59), Stord**

1. Bra selskap, gode ordningar. Fint å kunna sortera i tre dunkar. Dunkane har alltid blitt tømde når dei skulle, ingenting har klikka.
2. Veit ikkje. Alt avfall som me ikkje får plass til i dunkane, eller som me ikkje har lov til å kasta der, kan me jo levera på miljøsentralen.
3. Var der i sommar. Synst det er greit å betala for å kasta avfall, så lenge eg veit at det vert teke hand om på forsvarleg vis og kjem til nytte.

## Plastsortering kjem

- **SIM arbeider med å finna ei ordning for innsamling av plast; ikke berre mjukplasten, men dei fleste typar, seier driftsleiar Kjell Egil Hollund i SIM.**

Utfordringa er å finna beste måten å samla inn på.

- Det mest aktuelle no, er å dela ut sekker som folk kan sortera plasten i, og som SIM hentar inn på same dag som papiret. Men det finst også andre ordningar. Uansett kjem me ikkje i gang med plastinnsamlinga før i 2008, seier Hollund.

- Og ynskjet om å levera avfall gratis på miljøsentralane?

- Det er i så fall ei sak som styret må ta stilling til. Slik det er i dag, betalar brukaren av miljøsentralen

om lag tredjeparten av det det kostar å ta hand om avfallet. Resten vert finansiert gjennom renovasjonsgebyret, slik at alle abonnementar er med og deler kostnadene.

*- SIM arbeider med å finna beste måten å samla inn plasten på, seier driftsleiar Kjell Egil Hollund.*



## Svartasmogot laurdagsope i vinter

Miljøsentralen i Svartasmogot held ope annakvar laurdag (partalsveker) i vinter. Miljøsentralane i Austevoll, Bømlo, Kvinnherad, Sveio og Tysnes vil vera laurdagsstengde fram til 1. april 2008. Opningstider for vekedagane finn du på tømmekalenderen og på baksida av dette bladet.

## Dunken skal heim



Det er abonnementen sitt ansvar å dra dunken heim etter tømming. Spar dei som bur ved hentestaden for å irriterar

seg over dunkar som vert ståande fleire dagar etter tømming.

## Ta kontakt ved manglende tømming

Meld frå til SIM Transport AS (tlf. 53 45 66 00) så snart som råd er dersom dunken din ikkje er vorten tømt. Det er lettare å ordna ekstratømming når bosbilen er i ditt område enn når den er i gang med ei anna tømmerute.

## Mykje for ein hundrelapp



Leverer du avfall på ein av SIM sine miljøsentralar, betalar du kun ein hundrelapp for mengder opptil

1,5 kubikk (om lag det du får opp i 10 bossekker). For mengder opptil 3 kubikk kostar det 200 kroner. For større kvanta går det på tonnpris etter vekt.

Sendar:

## OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmøget  
N-5419 Fitjar



# Refleks på bosdunkane

Prøveprosjektet sist vinter vart ein suksess. No har SIM tinga nye refleksar som abonnentane kan få til å klistra på bosdunkane. Tiltaket skal motverka at dunkane skaper trafikkfarlege situasjonar på hentestaden i haust- og vintermørkret.

Refleksane kan fåast på alle SIM sine miljøsentralar, så lenge lageret rekk, eller tingast på [www.sim.as](http://www.sim.as).



- *Slik plasserer du refleksane; to på kvar dunk, viser SIM sin kundehandsamar Trine Tverborgvik.*

# Selbjørn skule vann teiknedugnad



Fjerdeklassen ved Selbjørn skule: Camilla Kolbeinsvik Lunde, Silje Sørvik, Amanda Rabben Klepp, Ole Ivar Nordtveit Tøkje, Hjørdis Thomsen, Camilla Glesnes Seievåg, Christian Glesnes Seievåg, Thea Rabben og lærar Aslaug Hus Fagerbakke.

Fjerdetrinnet ved Selbjørn skule i Austevoll kommune vart trekt ut som vinner av SIM sin teiknedugnad for skuleåret 2006/2007. Premien var eit gåvekort på 2 500 kroner.

600 av 900 fjerdeklassingar som var på ekskursjon til SIM i Svartasmøget sist skuleår sende SIM teikningar i etterkant. Oppgåva var å teikna eitt eller anna som hadde med bosbehandling å gjera. Elevane kom frå kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

## Opningstider miljøsentralane

### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00 – 14.00.

### Bømlo, Hollundsdalen

Tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00 – 14.00.

### Fitjar og Stord, Svartasmøget

Måndag kl. 08.00 – 18.00  
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
kl. 09.00 – 14.00.  
Torsdagar f.o.m. 1. april t.o.m.  
30. september kl. 08.00–18.00.  
Julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Kvinnherad, Husnes industriområde

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00  
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.

### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.  
Julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmøget, N-5419 Fitjar  
telefon: 53 45 78 50  
telefaks: 53 45 78 60  
e-post: sim@sim.as  
[www.sim.as](http://www.sim.as)